

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 01/18 · 28. ÅRGANG



3

Ny arbeidskirke

6-7

Samtalen

9

Intervju med
Egil Svartdal

13

Fire på
konfirmantweekend

Kontakt er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn.

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 / Vipps 59301

Redaktør: Geir Øy

Redaksjon: Stine Karin Sæle og Anne Sofie Uthaug

Grafisk design: Reklamehuset AS

Trykk: Bodoni AS

Framsidebilde: Representantar frå Leiarforum Nordhordland lyser velsigninga under fellesgudstenesta som avslutta Enhetsfesten i Knarvik kyrkje.

Foto: Sondre Olsen



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780

helge.hitland@bkkfiber.no



Torbjørn Aamli

Sokneprest - 56 17 14 84

torbjorn.aamli@melandkyrkja.no



Stine Karin Sæle

Husgruppekoordinator - 476 40 809 -

stine.saele@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 56 17 14 82

anne.dahle@melandkyrkja.no



Junji Furukawa

Kyrkjeterar - 467 97 567

junjif@sky.plala.or.JP

www.melandkyrkja.no
Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug
Telefon: 56 17 14 80
Epost: post@melandkyrkja.no
Besøksadresse kontor og Møteplassen:
Havnevegen 31, Frekhaug.
Treffetid: Man., ons., fre. 12.00-15.00
Kontaktelefon ved krise: 954 83 874



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje - 56 17 14 85

anne.uthaug@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56 17 14 83

trond.fykse@melandkyrkja.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56 17 14 80

linda.lunga@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 993 24 460

reginesagstad@gmail.com



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus

56 17 14 88 - rubensaele@melandkyrkja.no

Eva Kristin Dale Wessman

Barnearbeidar

eva.dale.wessman@melandkyrkja.no

Tankestrek

Av Torbjørn Aamli, sokneprest i Meland

Er det rom for heile meg?

Kyrkjemøtet sitt vedtak om samkjønna vigsler har utfordra meg. Eg ønskjer at alle skal kjenne seg velkomne i kyrkja, men veit at ikkje alle kjenner det slik fordi eg har stått for det tradisjonelle synet på ekteskapet. (Ekteskapserklæringa eg har skrive under på finn du på nettsida www.morfarbarn.no Her finn du òg grunngjeving for synet mitt). Ein grunn til at eg ikkje har fronta dette synet sterkare, er at eg anar litt av smarta til dei som har funne ein av same kjønn dei vil dele livet sitt med, når dei høyrer at den lokale presten ikkje kan vie dei.

Same smarta kjenner nok òg dei som kjenner nokon av desse.

Eg veit at fleire i kyrkjelyden òg er positive til samkjønna ekteskap. Men i spenninga mellom overtydinga mi, og om-synet til alle som er berørte av dette, har nok denne saka blitt min «elefant i rommet», ei sak der eg har «gått stille i dørene». Slik kan eg ha vore med og stadfesta inntrykket av at dette ikkje skal snakkast om. Nokre har etterlyst ei stadfesting på at dei er velkomne i Meland kyrkje med sitt syn. Det er ikkje nok at kyrkja nasjonalt seier det. Dei saknar takhøgd for å kjenne seg inkluderte med si overtyding. Kvifor har eg ikkje sagt offentleg at det er rom for folk med ulike syn?

I mange høve er det greitt å «vere samd om å vere usamd». Men her bryt det på djupt vatn. Det handlar om på kva måte vi reknar Bibelen si rettleiing som forpliktande. Om i kor stor grad nye erfaringar og samfunnsutviklinga skal endre forståinga av bibelord.

Det har vore ein del utmeldingar frå Den norske kyrkja dei siste to åra på grunn av Kyrkjemøtet sitt vedtak, også av nokske prestar. Det må eg respektere, men låner ein klok mann sin kommentar: «Kyrkja blir ikkje betre om eg melder meg ut.» Prestar og andre kan no etter vedtaket i Kyrkjemøtet undervise ut frå sitt syn på korleis vi skal forstå Bibelen sine ord om ekteskapet. Dei legg til grunn at vi kan leve med to ulike syn, og at desse ikkje treng vere kyrkjesplittande. Så vil nokon på kvar side meine at det er berre eitt syn som kan vere rett. Ja, - men her er det berre Vår Herre som har fasiten. Han må vi alle stå til rekneskap for, og vi må følgje samvitjet vårt så godt som råd.

Difor tenkjer eg nå at sjølv sagt kan vi snakke om dette, og seie kva vi står for, og kvifor. Vi må prøve å ikkje tillegge kvarandre därlege motiv for synspunkta våre. Heller lytte til kvarandre og forstå at dette kan vere krevjande på begge sider. Så må vi rekne kvarandre som medvandrarar, i erkjening av at vi ser «stykkevis». Ja, det er plass for alle i kyrkja. Også i Meland kyrkje.



Følg oss på Facebook: @melandkyrkja

Tida som Meland-prest snart over

Tekst: Arve Kjell Uthaug

Foto: Bjørn Moe og Arve Kjell Uthaug

**ETTER NESTEN NI ÅR SOM SOKNEPREST I MELAND
KYRKJELYD GÅR VEGEN VIDARE TIL PRESTENESTE I
OSTERFJORDEN OG MO FOR TORBJØRN AAMLI.**

Du har no vore prest fleire stader nord for Bergen: Radøy, Salhus, Meland. Kva har slått deg som den største forskjellen?

Ein forskjell er mellom by og land oppdaga eg då eg kom til Salhus. På «landet» visste alle kven presten var. Dei fleste dåpsforeldra hadde gått på søndagsskule og anna barne- og ungdomsarbeid. Mange hadde ei gudstru – ei «barnetru», der Jesus hadde ein sentral plass. I bynære strok møtte eg fleire som nok trudde at «det er mykje mellom himmel og jord», men det var lite plass for Jesus.

Alle kyrkjelydar er svake på noko og sterke på andre ting. Kva synest du er dei veikaste og dei sterkaste sidene ved Meland kyrkjelyd?

Det positive er mange frivillige medarbeidarar og store ressursar på det musikalske området inn mot gudstenesta og elles. Mange deltek på gudstenestene. Stor songglede. Søndagsskulen Løvegjengen er kjempeviktig. All ære til dei som er leiarar der! Elles er eg mektig imponert over dei som driv det diakonale arbeidet, og over alle husgruppene våre. Ein god stab og eit engasjert sokneråd arbeider godt i lag, og det er sjølv sagt ein viktig faktor.

Det gler meg å sjå unge familiar finne plassen i husgrupper og på gudstenester. Dei veikaste sidene har vel i dei seinaste åra vore det å invitere, inkludere og ta vare på nye i kyrkjelyden. Og ungdomsarbeidet treng ei revitalisering. Det er få aktive i alderen 16-26 år i kyrkjelyden.



Utdeling av 4-årsbok i Meland kyrkje.

FAKTA

Torbjørn Aamli

Alder: 56

Bustad:

Holmefeltet, Meland

Sivilstatus: Gift med Åshild

Tre vaksne born



Du skal til Osterfjorden og Mo. Kva tenkjer du om di eiga rolle der framover?

Eg tenkjer eg vil ta med eit sitat eg har nytta her lokalt: I kyrkja gjeld «No perfect people allowed». I Guds rike har «perfekte» menneske ikkje adgang. Jesus kom med sin nåde til dei som såg dei trond nåde. Dei som meinte dei var «perfekte», kunne han ikkje nå fram til. Dette vil eg forkynne, og eg håpar å få til eit samarbeid med mange.

Er det nokon høgdepunkt du vil dela med lesarane frå tida di som prest i Meland?

Dei små høgdepunkta er når nye menneske kjem til tru. Når nokon deler tru og opplevelingar med andre. Når barn blir døypte. Når vi feirar gudsteneste, og vi kan lovsyngje Gud - leia av forsongarar og akkompagnert av eit flott band. Klart det har vore einskilde arrangement med høg «festfaktor» - men eg er mest glad for dei mange små høgdepunkta.

Kva har gitt deg mest glede å forkynna om i dei åra du har vore i Meland?

To hovudtema har vore veldig sentrale: Det første er å teikne eit bilet av Gud og Jesus for dåpsfolk og i gravferder, fordi eg så gjerne vil dei skal sjå det eg har sett: Det står ein god far og ventar på alle oss bortkomne søner og døtrer som har rota oss bort. Han ventar på at vi skal «komma til oss sjølve, og vende heim til vår himmelske Far.» (Fritt etter likninga i Lukas 15,11ff). Det andre handlar om dette å leve som Guds barn i ein kyrkjelyd, og tene Gud og kvarandre i samsvar med gaver og evner. Alle har noko å bidra med, og vi treng kvarandre!

Heilt til slutt, når trur du den nye kyrkja på Frekhaug står klar?

Eg håpar at innviinga skjer i 2020!

Ny arbeidskirke

Et hus fylt med aktiviteter både for unge og gamle

Tekst: Roy Carlsen

KONTORDØREN FARER OPP IDET JEG ER PÅ VEI INN PÅ KIRKEKONTORET FOR Å INTERVJUE KIRKEVERGE ANNE SOFIE UTHAUG. HUN ER, SOM OFTE, PÅ FARTEN, MEN SNUR OG GÅR INN IGJEN PÅ KONTORET DA JEG BEGYNNER Å SNAKKE MED HENNE OM DET NYE KIRKEBYGGET PÅ FREKHAUG – ET TEMA HUN TAR SEG TID TIL SAMME HVOR TRAVELT HUN HAR DET.

Nå når kommunestyret i Meland har satt foten ned for bygging av kirke- og kulturbrygg på tomten bak Frekhaug senter, får dette konsekvenser for planene om ny kirke på Frekhaug?

– For det første kan jeg si at mesteparten av planene som arbeidsgruppen har utarbeidet kan vi ta med oss videre i prosessen med ny arbeidskirke. Og nå styrer vi prosessen selv.

For det andre stiller kommunen midler til rådighet for tomtekjøp i Langelandskogen, som er kommunens nye satsningsområde på Frekhaug. Her skal det bygges ny ungdomsskole, bussterminal, barnehage, eldreboliger og andre boliger.

Stiller kommunen midler til rådighet for tomtekjøp, sier du?

– Ja, vi er veldig takknemlige for at kommunestyret har vedtatt å stille midler til tomtekjøp i tillegg til 70 millioner som er bevilget til ny arbeidskirke. Dessuten bidrar soknerådet med en stor sum.

Og nå begynner ting å skje. Allerede til sommeren 2018 skal avtale om bygging og finansiering være klar, mens detaljplan og tomtekjøp skal være påbegynt i løpet av 2019.

Dette er jo godt nytt.

– Ja, det er helt fantastisk. Både vi i arbeidsgruppen og soknerådet er veldig takknemlige for politikernes velvillighet. Men med et så stort og krevende prosjekt håper vi at også Melandinnbyggerne er med på å bidra ved innsamlinger.

Du snakker om arbeidskirke. Hva er det?

– I motsetning til kirken på Meland, som er en seremoni-kirke, er arbeidskirke et hus fylt av aktiviteter. Se for deg et felles vrimleområde med folk som sitter rundt småbord, drikker kaffe og spiser en god lunsj mens praten går livlig. Eller dans for seniorer. Tenk om vi kunne fått se en flott kunstutstilling? Eller en minikonsert av et lokalt ungdomsband der et ungt publikum lar seg begeistre. Eller se for deg barn og ungdom som kommer til leksehjelp, kor,



Anne Sofie Nergård Uthaug, kirkeverge i Meland kommune, alltid engasjert, alltid tid til en prat.

bandøving, spillekveld og mye annet kjekt? Middagsservering på ettermiddag, før barn og voksne strømmer til ulike aktiviteter, eller rett og slett en fullsatt gudstjeneste. Er det ikke en fantastisk tanke? Dette er noe av det en arbeidskirke kan brukes til.

Du er ikke redd for konkurransen fra andre lag og organisasjoner?

– Jeg tror at vi kan utfylle hverandre. Kirken driver en del barne- og ungdomsaktiviteter som for eksempel babysang og småbarnstreff som er så populært at lokalene våre på Møteplassen i Frekhaug senter er sprengt. Med den kommende eldrebølgen er det behov for mange tilbud til pensjonistene. Så har vi våre nye landsmenn som skal integreres i Melandsamfunnet. Disse trenger å bygge trygge nettverk. Vi har gode erfaringer med gratis norskkurs/leksehjelp og kafé for innvandrere. Med en arbeidskirke får vi bedre plass til alle aktivitetene. Men, for all del; det drives mye flott frivillig arbeid i kommunen vår. Se bare på idretten, sang og musikklivet, arbeidet som gjøres i ungdomslagene og i Meieri-et, frivilligsentralen, på eldresenteret og Nordgardsløa. Alle lag og organisasjoner i kommunen gjør et fabelaktig arbeid basert på frivillighet. Men ingen lag og organisasjoner klarer å møte alle behovene til kommunens innbyggere. Derfor mener vi at det er behov for flere møteplasser.

Anne Sofie må hastede videre, og jeg sitter igjen med en oppløftende og god prat om et spennende byggeprosjekt som opptar mange Melandinnbyggere.



FAKTA

Elisabeth Mehl Winge

Alder: 40

Bustad: Feste

Sivilstatus: Gift, fire born

Yrke: Lærar ved voksenopplæringa

Elisabeth Mehl Winge går helst i Lygra kyrkje, men ho tar også turen til kyrkja på Seim nokre gonger.

Frå kyrkjebenken

Tekst: Monika Bøkevoll Aarland – Foto: Privat

Kva kyrkje tilhører du?
Lygra kyrkje.

Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?
Siden vi flytta hit i 2008. Eg har vore med i soknerådet i ein og ein halv periode, no er eg 'berre' med.

Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?
At ein vert sett og godt tatt imot, kvar gong. Kyrkjelyden er ikkje den største, men det er kjekke folk som bur her ute. Det er fint at folk vil komme til kyrkja både til kvardags og når det er fest med konfirmasjon, 17. mai og julafta.

Når kjem du til gudsteneste?
Stort sett kvar gong det er gudsteneste, det er jo ikkje så ofte no. Nokre gonger reiser me til Seim og går i kyrkja der også. Det er fint å verte kjent fleire plassar, og det er kjekt om folk kjem motsett veg òg

Kvar i kyrkja sit du?
Litt her og litt der. Dei siste 14 åra har eg ofte vandra rundt med ein av ungane, så eg er ikkje den verste benkeslitaren. Men eg sit gjerne framom midten; det er kjekt med utsikt. Viss eg er medliturg får eg sitje på same stolen gjennom heile gudstenesta. Det kan jo vere fint iblant.

Kan du skildre kyrkja med tre ord?
Vakker, romsleg og varm.

Kva salme syng du gjerne for tida?

«Deg å få skode». Den passar alltid. Det er min favorittsalme. Den var med i bryllupet vårt, og den blir heldigvis brukt med jamne mellomrom.

Kva skulle du ønskja kyrkja gjorde meir av?
Det hadde vore fint med fleire møtepunkt i kvardagen. I nokre større kyrkjelydar har dei til dømes felles middag ein eller fleire gonger i månaden. Eller andre aktivitetar som strikketreff, friluftsaktivitetar, fjellturar ol. Noko av dette finst på bedehusa rundt her. Vi må dele på organisering og hjelpe kvarandre.

Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?
At det er både kjente og ukjente ein kan prate med, god mat og god tid.

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

VIRKE
GRAVFERD

Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen



Dei har erfaring med at det gjer godt å snakka om det vanskelege i livet.

Me må snakka om det vanskelege i livet

Tekst: Arthur Kleiveland og Gunvor Taule Mjanger

SAMTALE OG SJELESORG ER IKKJE BERRE FOR EKSPERTAR. DET HANDLAR OFTE OM Å VERA MED-MENNESKE, SEIER PREST OG SJELESØRGJAR HELGE HITLAND, HELSESØSTER SISSEL HATLEVIK OG KYRKJEVERJE LEIF ARNE ØKLAND. DEI MEINER OGSÅ DET ER BEHOV FOR AT SKRIFTMÅLET SKAL FÅ EIN STØRRE Plass I KYRKJA.

For mange kan det opplevast som ein høg terskel å våga ta kontakt med nokon for å setja ord på sitt eige liv og det dei slit med. Dei kan gå med tankar om ting som gneg, ikkje nødvendigvis så veldig store ting - sandkorn som etter kvart kan laga vonde sår.

- Første steg kan vera ein prat om daglegdagse ting. Etter kvart kan dei komma inn på meir spesifikke forhold, seier Helge, Sissel og Leif Arne. Dei er krystallklare på at teieplikta i slike situasjonar og samtalar er veldig viktig. Dei er også opptatt av at den som fortel, eig si eiga historie og må bli trudd på si oppleving.

- Du må ha tid og ro, og våga gje av deg sjølv – vera personleg utan å vera privat.

SNAKKA SANT OM LIVET

Det er ikkje like enkelt å snakka sant om livet, men ikkje desto mindre viktig er det å gjera nettopp det. I enkelte miljø

kan det vera forventningar som kan gjera det vanskeleg å vera ærleg med seg sjølv, t.d. kan det opplevast som eit nederlag å slita, vera sjuk – og heller ikkje bli frisk ved bøn.

Mange menneske strevar med tru og tvil - også store og ekstensielle spørsmål kring liv og død. Eller det kan handla om manglande relasjon til nokon. Du treng ikkje ha mange studiepoeng og vera ekspert for å vera til hjelp. Erfaring gjev øving i å sjå og høyra meir enn det som er opp i dagen, og så kan du stilla forsiktige spørsmål og gå vidare, seier dei tre i panelet vårt.

BRUK TESKEI – IKKJE SPADE

Samtale og sjælesorg må ikkje forvekslast med terapi i medisinsk forstand. Du kjem langt med å vera eit lyttande medmenneske som gir respons – ein medvandrar som kan hjelpe til med å finna ein veg vidare.

- I sjælesorg må du opptre som arkeolog – du må bruka teskei og ikkje spade for å kunna avdekka lag på lag – før ein kjem fram til kjernen. Du må banka forsiktig på døra, men det er den andre som må opna, seier Helge Hitland. Så skjer ofte det same som når trollet kjem fram i lyset, då sprikk det. Når det som tyngjer blir sagt, misser det noko av den negative krafta berre ved å setja ord på det.

LIVET GÅR I BØLGJEDALAR

Det er normalt at livet går i bølgjedalar. Mykje kan fylla tankar, sinn og kjensler – ikkje minst mellom dei unge. Ung-

domen trur gjerne dei er åleine og er opptatt av kva andre tenkjer.

– Når tilliten er på plass, har ikkje ungdom vansk med å fortelja. Det er viktig å lytta og vera lydhøyr, vera nysgjerrig på kven dei er og hjelpe dei med å setja ord på kva dei balar med. Dei må ikkje bli møtt med ferdige svar, du må bruka tid, seier Sissel.

Særleg guitar ventar lenge med å snakka med nokon om det dei strir med.

OMSORG FOR HEILE MENNESKET

Leif Arne Økland etterlyser omsorg for heile mennesket i utdanningsløpet til sosialfaglege utdanningar.

– Den åndelege dimensjonen er i stor grad vekke i denne utdanningskulturen. Mange menneske er opne for å snakka om eksistensielle spørsmål, om liv og død og tru, men blir ikkje møtt i hjelpeapparatet. Me må våga sjå den andre, våga spørja, våga nærma oss. Det er dette mange lengtar etter. Å bli møtt der ein er i livet, på det som bryt litt under overflata. Det opplevest slitsamt i lengda berre å snakka om det overflatiske.

Sissel, Leif Arne og Helge gler seg over at ungdomane ser ut til å vera meir opne for å snakka om åndelege og eksistensielle spørsmål. Dei unge har ikkje dei same sperrene som oss vaksne, noko som kjem til uttrykk t.d. i møte med konfirmantar.

MÅ VÅGA MEIR

Så blir spørsmålet om kyrkja også har tatt vekk for mykje av den åndelege dimensjonen og det djupare perspektivet. Me tenkjer at trua ligg latent i oss – Gud har lagt æva med i hjarta våre. Men tar me konsekvensen av det i stor nok grad? Folk må få leggja børene frå seg og oppleva fridom som stikk djupt.

– Me må våga snakka om det, henta det fram, vera frimodige om det viktige og eksistensielle i livet. Også når det handlar om dei stygge forteljingane. Det kan opplevast som å få ei eldkule i hendene, som du berre vil kasta vidare til nokon andre med det same. Men me må våga å halda denne eldkula ei stund.

FRIGJERANDE SKRIFTEMÅL

Våre tre samtalepartnarar ser gjerne at skriftemålet blir tatt i bruk i kyrkja i langt større grad enn tilfellet er i dag. Dette

DEFINISJONAR

Samtale

To eller fleire snakkar saman, lyttar til kva den andre seier og gjev respons.

Sjælesorg

Enkelt sagt ein samtale med eit anna menneske som lyttar til det du har på hjarte. Slik har menneske i årtusen søkt hjelp i ein kyrkjeleg samanheng med liva sine. (Frå Institutt for sjælesorg sine heimesider.)

Ein konkret og personleg samtale om livet og religiøse spørsmål.

Skriftemål

Kristen praksis der ein person bekjenner sine synder for ein prest, eller i teologisk forstand for Gud gjennom ein prest. Skriftemålet er særleg assosiert med Den katolske kyrkja, men finst også i andre kyrkjesamfunn. I katolsk samanheng blir skriftemålets sakrament også kalt botas sakrament, forsoningas sakrament, tilgjevingas sakrament og omvendingas sakrament.

UTDRAG FRÅ EI AV KYRKJEBØNENE I GUDSTENESTA:

Salme 32 i Det gamle testamentet er mykje nyttig i sjælesorg:

Så lenge eg tagde, tærtest beina i kroppen bort medan eg stønna heile dagen.

For dag og natt
låg di hand tungt på meg.
Mi livssaft svann
som i heten om sommaren.

Då sanna eg
mi synd for deg,
og mi skuld
dekte eg ikkje over.
Eg sa: «Eg vil sanna
mine brot for Herren.»
Og du tok bort
mi syndeskuld.
Sælt er den som får
sine brot tilgjevne
og sine synder tildekte!

Sælt er det mennesket
som Herren
ikkje tilreknar skuld,
som i si ånd er utan svik.

er ikkje noko katolikkane har monopol på. Dei har ein låg terskel for å gå til skriftemål.

– Skriftemålet er lite brukt og forkjent i kyrkja vår. For ein god del av oss er det godt å få sagt høgt det som vi slit med av synd, svik og nederlag, og få syndene våre tilgjevne. Det er frigjorande.

SAMTALEN

Leif Arne Økland

57 år, diakon med sosialfagleg bakgrunn, kyrkjeveje i Austrheim, har tidlegare arbeid med inkludering av menneske med utviklingshemming.



Sissel Hatlevik

50 år, helsestester ved Knarvik vidaregåande skule og på helsestasjonen for ungdom.



Helge Hitland

73 år, allsidig erfaring som prest i kyrkjelyd, i fengsel, på Haraldsplass samtalesenter og som personalprest i bispedømmet.





PÅSKE

VI SPØR: KVA BETYR PÅSKE FOR DEG? OG KORLEIS FEIRAR DU PÅSKE?

LES KVA DESSE SVARAR!



ASTRID AARHUS BYRKNES (54) er ordførar i Lindås kommune, Per Byrknes (53) er regionleiar i Norsk Luthersk Misjonssamband. Dei bur i Knarvik.

Påskehøgtida er viktig. Den hjelper oss kvart år til å henge den fantastiske redningsaksjonen Gud satte i gong for å berge oss.

Det varierer korleis vi feirar påske. Dei siste åra har vi vore reiseleiarar for ein tur til Peru. I eit katolsk land som Peru er det utruleg mykje spennande å få med seg i påskehøgtida.



TONE MARIT VEDA (31) bur på Leiknes, er gift med Torbjørn og har borna Anton Nikolai og Aksel. Ho er for tida i permisjon frå læraryrket.

Påske for meg er ei tid til ettertanke, spesielt på kva Jesus måtte gjennomgå for å frelse meg. Trua på Jesus er grunnvollen for livet mitt, så å bli minna om påskebudskapet er alltid godt. Eg synest Jakob Sande formulerer ei fin bønn for meg: Lær mi sjel kor du laut lida, syn meg såret ditt i sida, styrk og nør mi veike tru, Syn meg dine merkte hender så eg frelst mitt auga vender opp til deg på krossen, du.

Påsken har alltid starta med basar på bedehuset palmedag, det satsar eg på i år også. Dei siste åra har me feira påsken på ei lita hytte langt inne i Veafjorden - der ingen kunne tru at nokon ville ha hytte. Der er det roleg og fint, og me har god tid til familien, lesing og turar.



HANS KENNETH

SUNDSBØ (42) bur i Alvermarka. Gift med Karoline og har borna Andrine, Henriette og Julie. Arbeider som Sjøforsvarsprest i Marinens.

Eg gler meg alltid til påska! Påska ber heile trua si grunnvoll. Hendingane med Jesu fengsling, korsfesting og død på den eine sida, og den gryande morgonen 1.påskedag, då dei redde og usikre menneska som skulle besøkja grava vert møtt av ein engel og sidan den oppstadne Jesus. Det store nederlaget vert fullført med den totale siger! Og ramma kring dette fantastiske vert det nære og inkluderande måltidsfellesskapet. Måltidet skjærtorsdag med innstiftinga av nattverden, og måltidet i Emmaus der disiplane forstår at det er Jesus som har stått opp.

For oss vert påska alltid familiетid, og vi dreg som oftast til Sykkylven på Sunnmøre der kona Karoline kjem frå. Sjølv med stor kjærleik til fjell og ski, så er det viktig for meg å feira høgtida i kyrkja. Kvelsgudsteneste skjærtorsdag og høgmesse 1.påskedag. Fantastisk!



TV2-pastor Egil Svartdahl samlet fullt hus i Knarvik kyrkje under Enhetsfesten i februar.

Sårbarhet berører meg

Tekst: Geir Øy – Foto: Arthur Kleiveland

– JEG BLIR BERØRT AV MENNESKER SOM SNAKKER ÅPENT OG ÆRLIG OM LIVET SITT. DET STÅR DET RESPEKT AV. NÅR MENNESKER MED ET GODT NAVN OG RYKTE ÅPNER OPP FOR USIKKERHET OG SVAKHET, GJØR DET INNTRYKK, SIER TV2-PASTOR EGIL SVARTDAHL.

Vi møter Egil Svartdahl i en pause i et tett program helgen midt i februar. Det er en sjeldent god formidler som er på besøk i Nordhordland. Han er morsom, folkelig, nærliggende og personlig og hadde mye på hjertet til glede for tilhørerne under Enhetsfesten. Denne kombinasjonen gjør trolig at Svartdahl er en av Norges mest avholdte talere. Når han ser tilbake, var det ikke gitt at det skulle bli slik.

– Da jeg vokste opp var det ingen kristne på skolen jeg gikk på. Jeg hadde mitt livs kamp med å stå frem som en kristen den gangen. En kristen sommerleir ble avgjørende. Etter trussel om hjemsending for meg og noen kamerater, som hadde snudd leiren på hodet, fikk vi en prøvedag til. Den dagen ble et vannskille. Fra å oppleve meg mislykket og feig, opplevde jeg både overraskende og ufortjent at mitt indre ble fylt av Guds kjærlighet. Det var som en høyspentledning av kraft, forteller Svartdahl.

– Jeg fikk et formidlingsbehov, et behov for å dele, sier han.

Og det har blitt hans liv videre. Det er kjent fra TV at Egil utdannet seg til konditor. Han har også vært søppeltømmer. Hans daglige virke ble likevel å være pastor, først i Kristiansand, og siden i mange år i Oslo. Da TV2 startet, var han med fra begynnelsen.

– Jeg ser på det som mitt fremste oppdrag å gjøre Jesus kjent, sier han.

– *Er du en journalist eller er du en predikant når du lager TV-program?*

– Jeg er ingen nøytral journalist. Det har vært tydelig helt fra starten av at jeg har vært TV-pastor. Den tittelen var det TV2 som gav meg. Jeg ser på meg selv om en formidler av andres troserfaringer og deres erfaring med tvil.

– *Kjenner du selv på tvilen noen ganger?*

– Jeg ser ikke på tro og tvil som motsetninger. Tvilen er mer en forutsetning for troen. Jeg tviler ikke på Guds eksistens, og jeg er trygg i troen på hvem Jesus er. Jeg tror på en usynlig Gud. Jeg har ikke alle svar, men jeg lever på en måte i et stort rom der det er plass for ikke å ha alle svarene. Jeg holder fast på håpet, sier han.

Om noen dager er Svartdahl igjen på TV. I sin 8. sesong i serien “Reisen hjem” møter han politiker Stefan Heggelund fra Høyre. Der får vi få høre om stortingsrepresentantens vei fra å være ateist til i dag å kalte seg en troende. Tre av de røde dagene i påsken er Svartdahl å se på TV2.

**HELLAND
ELEKTRO AS**

HOVEDKONTOR: LINDÅS
Tlf: 56 34 24 30
www.helland-elektr.no

AVD. KONTOR: OSTEREIDET
Tlf: 56 34 24 45

Grønt forvaltaransvar

Tekst: Leif Johnsen – Foto: Vigdis Valde



23 personar møttest 15. mars 2016 på Meland Rådhus og etablerte Berekraftig Liv Meland, eit nettverk til hjelp for personar som ønskjer å leve meir berekraftige liv.

I arbeidet med å finne eit bilet til «Det grøne hjørnet» kom eg til å tenkje på biletet frå etableringa av Berekraftig Liv Meland i mars 2016. I dette biletet av det politisk- og livssynsnøytrale nettverket var det med personar frå fleire av dei ulike kristne gruppene i Meland. Det fekk meg vidare

til å tenkje på det kristne forvaltaransvaret og m.a. det som står i Kolosserane 1, 16: «For i han er alt skapt, i himmelen og på jorda... ved han og til han er alt skapt.» I andaktsboka Grip dagen av Charles Rigma er dette bibelverset knytt opp til følgjande sitat av Dietrich Bonhoeffer: «Kristus er virkelig sentrum for menneskelig eksistens, for historien, og nå også for naturen.»

Nettverket «Berekraftig Liv» seier om seg sjølv at dei vil vere ei hjelp for personar som ønskjer å leve meir berekraftige liv. Det har to hovudmål: Redusert økologisk fotavtrykk og auka livskvalitet der du bur. Mottoet er: Handling skapar haldning. Reduser økologisk fotavtrykk! Auka livskvalitet! Meir livsglede! Der du bur!

På Facebooksida «Bærekraftig Liv Meland» ser ein noko av aktiviteten i dei to åra sidan starten. Ikkje alle aktivitetane er store og imponerande, noko kan heller sjå smått og kvar-dagsleg ut. Men nett derfor kan det vere overkommeleg for mange, og nett derfor eit bidrag til eit grønt forvaltaransvar. I 2018 vil ein mellom anna delta på Strandryddedagen og ha nytt kurs i bruk av ramslauk. Elles vert nye initiativ ønska velkommen.

Knarvik Blomsterstove

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning
og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11 • 5914 Isdalstø
Medlem av Virke Gravferd

SYSTEMHUS

TAULE
ING. TAULE AS

Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 85 55

Bestill en gratis huskatalog:
WWW.SYSTEMHUS.NO

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

VESTSTEIN - naturstein

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

KNARVIK SENTER

Møteplassen for handel og kultur

Kulturkalender

17. mars

BARNEKORKONSERT

Knarvik kyrkje laurdag 17. mars kl. 16

Storkonsert med Jarle Waldemar og barnekora i Alversund, Knarvik og Osterfjorden.

21. mars

PÅSKA I ORD OG TONAR

Ostereidet kyrkje onsdag 21. mars kl 19

Te Deum

6. april

PLATESLEPPKONSERT MED KRISTIN MINDE

Norhordland Folkehøgskule fredag kl. 20

Plateslepp i Festsalen på folkehøgskulen av «Hjerteslag» som er Kristins første plate på norsk. Ho har med seg gitarist Espen Tappel og jazztrompetist Jonas Kilmork Vemøy. Ingelin Garnes Reigstad er med som gjest, og Meland-koret Felix medverkar også.

15. april

VAKKERT REKVIEM ETTER PÅSKE

Knarvik kyrkje sundag 15. april kl. 19.30

Konsert med Alversund kammerkor. På programmet står m.a. det vakre Requiem av Gabriel Fauré, med to solistar. Dirigent Odd Leif Mjøs.

15. april

JAZZGUDSTENESTE

Meland kyrkje sundag kl. 19

v/Helge Hitland. Alverflaten Jazzband deltek.

8. mai

FREDSGUDSTENESTE

Meland kyrkje tysdag kl. 17

Fredsgudsteneste ved Hans Kenneth Sundsbø. Musikk ved forsvarrets musikkorps. Minnestund/kransnedlegging. Samling med betasuppe, kaffi med kringle og talar.

KORKAFÈ MED FELIX VOCALIS

Nordgardsløa tysdag kl. 20

Det blir song av koret og eit ”Ord for kvelden”. Det blir gode kaker, kaffi og te og god tid til prat. Liten utloddning med spennande gevinstar.

27. mai

FESTSPELKONSERT

Knarvik kyrkje sundag 27. mai kl. 13

Violinist Sonoko Miriam Welde fra Bergen og kammerorkestret Kremereratat Baltica spelar Mendehlsson og Astor Piazzolla. Billettar: Venuepoint.



Andakt ved Magne Bjørndal

Gjennom seksti år har eg gjort mange feil. Nokre veit eg om, andre ikkje. Den største som har med radio å gjera, hende for snart førti år sidan. Eg var elev på ein bibelskule og fekk i oppdrag å halda eit kort innlegg på eit møte som skulle sendast ei stund seinare. Eg førebudde meg grundig, og synest sjølv eg kom bra frå det.

Då programmet gjekk på lufthafta, følgde eg spent med. Eg vart aldeles forskrekka over å høyra kva eg sjølv hadde sagt:

Min største radiotabbe

Eg hadde kalla forfattaren av Romarbrevet for Peter, ikkje Paulus, som jo er det rette. Det stod i manuset mitt, og eg sa feil, utan å leggja merke til det. Inga stor sak, sjølv sagt, men der og då opplevdest det som eit sviande nederlag. Eg trudde eg hadde full kontroll, men så gjorde eg ein stygg feil likevel.

Bibelteksten eg las i radioen den gongen handlar om feila vi gjør, og korleis Gud ser på dei: «Her er det ingen skilnad, for alle har synda og manglar Guds herlegdom. Men ufortent og av hans nåde blir dei kjende rettferdige, frikjøpte

i Kristus Jesus.» (Romarbrevet 3,22b-24)

Ingen skilnad? Visst er det skilnad! Det er stor skilnad på tabben eg gjorde, som i grunnen ikkje gjekk ut over andre enn meg sjølv, og alvorlege, grove brotsverk som øydelegg livet til titals og hundretals menneske. Men for Gud fører feila vi gjør – små eller store – til at vi vert utestengde frå fellesskapen med han. Vi «... manglar Guds herlegdom.»

Påska handlar om Guds løysing på denne mangelen. Ikkje å be oss skjerpa oss, og

gjera det betre neste gong. Ikkje at viss vi gjer vårt beste, så skoyer Gud litt til, så det vert godt nok. Nei, «... ufortent og av hans nåde (...) frikjøpte i Kristus Jesus.»

Det gjer noko med oss, når vi aldri kan vera sikre på om vi er snille nok, vakre nok, flinke nok. Motsett ligg det ein stor fridom i at Gud godtek oss og er nøgd med oss. Ikkje fordi han lèt vera å ta det så nøyne, eller ikkje bryr seg om at det vi gjør går ut over andre. Gud tek imot oss fordi Jesus gav livet sitt for oss.

God påske!



Lettsalta torskefilét med steikte poteter, eplesalat og hollandaisesaus (2 personar)

Oppskrift

**Linda og Håkon Økland
Kinsarvik bur på Frekhaug
og har matlaging og
spesialkaffi som ein av
fleire hobbyar.**

Ingredienser

500 gram torsk (to filétar)
6 cherrytomatar
10 halve asparges

SALAT

1 grønt eple
1 stang frå stangselleri
1 ss olivenolje
Fersk dill

HOLLANDAISESAUS

1/2 dl eddik
2 stk finhakka sjalottlauk
3,5 dl vatn
70 gram smør (evt klarna)
2 eggeplommar

POTETER

160 gram rauda morenepoteter
2 stilkar med vårlauk
1 ss kvitlaukseddik

Framgangsmåte

Set omnen på 175 grader med over- og undervarme.

Legg finhakka sjalottlauk, eddik og vatn i ei panne og la ingrediensane koke i 30 min utan lok. (til sausen)

Skrell eit grønt eple og hakk det i små bitar. Hakk stangselleri. Smak til med dill etter eige ønskje. Dryp olja over.

Kutt vårløk og del potetene i to. Bland det saman med 1 ss kvitlaukseddik i ei steikepanne. Steik på låg varme i 30 min. Tilsett ev. meir olje til potetene, rør innimellom. Tilsett ev. kvitvinsekstrakt for ein kraftigare smak.

Legg fisken i omnen i 10 min med skinnet ned, i midterste rille. Medan fisken er i omnen, sil sjalottlauken og sit den avsilte væska til sides i ein bolle. Sett på kok same panne med nytt, reint vatn med ei klype salt i.

Legg tomatar til kok i 4 min. Plukk ut tomatane og legg dei til sides. Dei skal helst ikkje ha sprukke.

Ta ut fisken, snu den og dekk den til med sølvfolie, ev. eit lok.

Smelt smøret i vassbad. Ta eggeplommene i smøret og visp fort rundt medan det ligg i vassbad. Tilsett laukeddikk-

krafta i ein tynn, forsiktig stråle. Smak deg fram til kor mykke som skal tilsetjast, krafta kan frysast ned dersom du ikkje brukar alt.

Ta asparges i det lettsalta og kokande vatnet som tomatane har vore i. Når aspargesen har koka i eitt minutt, sil av vatnet og la den kvile på anrettingsfat.

Ta vekk skinnet frå fisken. Sett fisken i omnen igjen i 1-2 min.

Når sausen begynner å få tjukk konsistens, kan retten leggjast på fat.



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSELSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Ildalstø -

www.hagel.no

Fire på konfirmantweekend

Tekst og foto: Stine Karin Sæle

**2-4. FEBRUAR VAR OM
LAG 50 AV KONFIRMAN-
TANE I MELAND KYRKJE-
LYD PÅ LEIR PÅ FJELL-LY
PÅ SOTRA. SISTE DAGEN
SPURDE VI FIRE AV DEI
FØLGJANDE SPØRSMÅL:**

**1.KVA HAR VORE DET
BESTE MED Å VERE PÅ
KONFIRMANTLEIR?**

**2.KVA HAR DU LÆRT OM
DET KRISTNE LIVET PÅ
LEIREN?**



Sarah Josefine Etim

1.Filmkvelden og alt det sosiale. Det var bra at vi ikkje hadde mobilane våre heile tida slik at folk ser kvarandre, ikkje berre gjennom mobilen.

2.Eg har lært at det finst ulike vinklingar på det å tru. At det er greitt å ikkje tru, men at vi må respektere dei som trur. Og så har eg lært at Gud forstår oss, sjølv om vi gjer feil.

2.Har ikkje lært så mykje nytt, men har fått bekrefte ein del av det eg allereie visste.



Stefan Haugen

1.Det har vore mykje bra. Samlingane var betre enn eg trudde, og aktivitetane og fritida var veldig kjekke.

2.Eg har lært mykje nytt, mellom anna om Kristuskransen. Eg har generelt lært meir om kristen tru.



Synne Marie Io

1.Spesielt det å bli kjent med folk, og så musikken. Det har vore mykje fin, kristen musikk.

2.Fleire ting: Eg har lært om Kristuskransen og at det fins ulike måtar å sjå og snakke med Gud. Veldig fint å tenne lys og sitje og sjå på lysa. Vi brente lappar i peisen som hjalp oss å bli ferdige med vanskelege ting. Det er fint at kyrkja og Gud er open for alle.

Tommy Stigen

1.Det å lære meir om trua. Eg er nysgjerrig på korleis alt fungerer. Og så har det sosiale vore bra.

Bålsamlingar med Løvegjengen

Tekst: Anne Marit Fosse Dahle – Foto: Geir Dahle og Brigt Roar Skeie

For nokre år sidan fann nokre pappaer ut at dei ville byggja ein gapahuk som Løvegjengen (søndagsskulen) kunne bruke. Denne har borna fått stor glede av. Samlingane i gapahuken kallar vi «bålsamlingar», og dei er hovudsakeleg for born frå 6-årsalderen og oppover. Bålsamlingane består av ei forteljing frå Bibelen, ein kjekk aktivitet, og noko ein kan grille eller varme på bålet. Vi prøver å ha bålsamlingar i gapahuken så ofte vi har leiarar til det, og i alle fall ein gong i månaden. Løvegjengen har hatt sommaravslutningane sine her fleire gonger, og i fjor hadde vi juleavslutninga der òg. Det gjekk veldig fint å eta julegraut i gapahuken!



Juleavslutning i gapahuken.

Hjarteg velkommen til å vere med på bålsamlingar med Løvegjengen! Vi treng også fleire leiarar, så om du synst dette høyrest kjekt ut, er det berre å ta kontakt!



Bålsamling med gapahuken i bakgrunnen.

Ny i Meland kommune?

Du er hjartegleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste, kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss?:
Ta kontakt med
Kyrkjekontoret 56 17 14 80.

Søndagsskulen Løvegen-gen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstenester. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7.kl. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle*, 93 61 13 11.

Norskkurs for innvandra-rar. Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: *Brit Torun Hitland*, 95 22 35 08.

Nytt frå stab og sokneråd

AVSKIL FOR SOKNE- PRESTEN 8. APRIL

Torbjørn Aamli skal starte som sokneprest i Ostereidet 1. mai, og siste gudstenesta hans i Meland kyrkje er søndag 8.april. Dette blir markert i gudstenesta og i samværet på Nordgardsløa etterpå.

Internasjonal kafé. Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt: *Brit Torun Hitland*, 95 22 35 08.

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. Kontakt: *Marit Sæle*, 40 47 35 20.

Bøn før jobb, kvar tysdag kl. 07.15 – 07.45 på Møteplassen. Kontakt: *Torbjørn Aamli*, 56 17 14 84.

Småbarnstreff med baby-sang, kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle*, 93 61 13 11.

Octavia - Meland ungdomskantori. Kor for jenter fra 5.klasse til vidaregåande

skule. Øver kvar torsdag på Nordgardsløa. Kontakt: *Eirin Åserud-Løvlid*, 94 33 67 79.

Felix Vocalis, kor for vaksne, øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. Kontakt: *Jannicke Wisløff Åsebø*, 40 22 86 94.

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtalte, måltid, bøn. Kontakt: *Stine Karin Sæle*, 47 64 08 09.

Seniors, treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: *Victor Bakke*, 99 61 75 83.

Yngres Frekhaug, aktivitar, andakt og kiosk. For 5.-7.klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30-21.00 på folkehøgskulen. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: *Victor Bakke*, 99 61 75 83.

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken

og Frekhaug indremisjon. Kontakt: *Stine Karin Sæle*, 47 64 08 09.

Levande Lys, barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: *Kamilla Strømsbo Dale*, 47 30 65 24.

Strilongane, barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule. Kontakt: *Sandra Bruvik*, 45 25 16 09.

Yngres Rossland, aktivitar, andakt og enkel matservering, Fra 3. klasse og oppover, annakvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: *Miriam Skurtveit*, 94 84 69 96.

Søndagsskuleklubben, aktivitetar og andakt, for barn til og med 2. klasse, annakvar onsdag 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: *Annlaug Isdal*, 99 47 03 09.

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

**ÅRSMØTE FOR KYRKJE-
LYDEN 22. APRIL**
Kyrkjelyden sitt årsmøte med framlegging av årsmelding og årsrekneskap for 2017 og eventuelle andre saker vert avvikla søndag 22.april etter gudstenesta. Årsmøtet vert på Møteplassen i Frekhaug senter.

**KJEKT FOR 2-KLASSIN-
GAR: TÅRNAGENTHELG
28.-29.APRIL**
Eit av dei faste trusopp-læringsstiltaka i kyrkjelyden er Tårnagenthelga, eit spennande arrangement for dei som er fødde i 2010

eller går i 2.klasse. Det blir sendt ut innbyding i pos-ten til alle som er registrerte som medlemmer i Den norske kyrkja (døypte) eller tilhøyrande (foreldre er medlemmer). Viss ikkje din 2.klassing har fått innbyding, ta kontakt med kyrkjekontoret!

PÅ VEG MOT ALVER
Kyrkeleg fellesnemnd er gruppa utnemnd av sokneråda/fellesråda i Radøy, Lindås og Meland som skal styre prosesssen fram mot eitt stort fellesråd i Alver kommune frå januar 2020.

Fellesnemnda har hatt to møte (pr januar 2018), har konstituert seg, sett opp budsjett og søkt kommunane om prosjektmidlar. Grethe Lunde er valt som leiar og kyrkjeverja i Radøy, Audun Sylta, er prosjektkoordinator. Framover våren vil det bli arbeidd med å involvere dei tilsette og andre i viktige avgjerder for fram-tida.

Meir info om dette og anna finn du på
www.melandkyrkja.no

Slekters gang

Døypte

Meland kyrkje

05.11.2017

Emmeli Wiig Andersen

Talina Dale Kjørlaug

Mikkel Olsvoll

Markus Meijers Skjæveland

Paul Edvard Unneland

26.11.2017

Emma-Sofie Meagher Meland

Emilie Skjønhaug Vatne

10.12.2017

Ella Opsanger Flatøy

Kaia Reigstad Kramer

Helle Medhus Reksten

17.12.2017

Alvine Fyllingsnes Andersen

Emrik Fyllingsnes Ander

Ingvild Mo Åsebø

07.01.2018

Emrik Losnegard Lien

Hedda Elise Førriisdahl

Winther

14.01.2018

Lise Moldrheim Solheim

28.01.2018

Jonas Øpstebø Aamli

Lily Angelica Hjønnevåg

Åsane kyrkje

12.11.2017

Storm Fuglesteg Kvammen

Knarvik kyrkje

03.12.2017

Jakob Hugaas Kolås

Vigde

Meland kyrkje

18.11.2017

Stine Marie Fjeldstad og

Fredrik Helander Waage

02.12.2017

Olivia Berge og Ole Christian

Jakobsen

Gravlagde

Meland kyrkje

14.11.2017

Odd Johan Fløisand

(f. 1936)

Nelly Marta Grønhaug

(f. 1925)

21.11.2017

Terje Helge Flatøy (f. 1955)

01.12.2017

Kjellaug Maria Myrseth

(f. 1935)

12.12.2017

Marta Amanda Nygård

(f. 1920)

09.01.2018

Carl Johan Skauge (f. 1914)

18.01.2018

Solveig Johannessen

(f. 1953)



REMA 1000

FREKHAUG SENTER

tlf.: 56 17 60 00



KIWI mini pris

for alle med sans for lavpris

FREKHAUG SENTER

Åningtider: Man.-fred. 9.00-22.00

Lør. 9.00 - 20.00

HELÅS AS

• Gravminner og benkeplater

• Salg av nye steiner

• Vedlikehold

• Reprasjoner (nytt gull eller lakk)

• Navnetilføylelse

• Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

SKARSVÅG
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:

Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag :STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
hjelpeletre.

Tilbehør til gravstedet

Tilførsler av navn

Oppussing vask, stell

Rehabilitering reperasjon

www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant

Rune Hjemmann

Kyrkjessundsvegen 81, Holsnøy

Mob 91163120

Hageland

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad

www.melandauto.no



ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE

www.cateringen.com • tlf. 56 17 43 23

GUDSTENESTE-KALENDER



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

18. mars

11:00 - Gudsteneste v/Ole Kristian Hamre. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

25. mars

11:00 - Palmesøndag. Familiugudsteneste v/Ole Kristian Hamre. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

29. mars

19:30 - Skjærtorsdag. Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Nattverd. Takkoffer til NKSS

30. mars

11:00 - Langfredag. Gudsteneste v/Helge Hitland

1. april

11:00 - Påskedag. Gudsteneste v/Helge Hitland og Ole D. Hagesæther. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet

8. april

11:00 - Gudsteneste v/Torbjørn Aamli. Nattverd. Avskilsgudsteneste for T. Aamli. Takkoffer til HimalPartner

15. april

19:00 - Jazzgudsteneste v/Helge Hitland. Alverflaten Jazzband. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

22. april

11:00 - Gudsteneste v/Magne Bjørndal. Nattverd. Takkoffer til HimalPartner

29. april

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Tårnagentar. Dåp, nattverd. Takkoffer til KRIK

6. mai

11:00 - Gudsteneste v/Magne Bjørndal. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

8. mai

17:00 - Fredsgudsteneste v/Hans Kenneth Sundsbø

10. mai

Håøytoppen
12:00 - Friluftsgudsteneste. Leiknes Blåseorkester

13. mai

11:00 - Gudsteneste. Søndagsåpent v/Idar Simonsen. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

17. mai

12:00 - Familiegudsteneste v/Helge Hitland. Takkoffer til Kirkens SOS

20. mai

11:00 - Pinsedag. Gudsteneste v/Magne Bjørndal. Dåp, nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken

27. mai

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

3. juni

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. 50-årskonfirmantar. Avslutning for Løvegjengen. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

10. juni

11:00 - Samtalegudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet



Kvar søndag er ein påskedag

Tekst: Helge Hitland – Foto: Junji Furukawa

Det er god tradisjon at kyrkjelyden i Meland samlast til eit enkelt påskemåltid i kyrkja kvar skjærtorsdag etter at vi har feira nattverdgudsteneste. Då blir det dekkja eit langbord i midtgangen og vi får servert linsesuppe med usyra brød attåt. Det er heilt spesielt å få vere med på dette fellesskapsmåltidet til minne om Jesus og disiplane som var samla til sitt siste måltid før påska sine dramatiske hendinger. Vi avsluttar kvelden med pasjonsmusikk når vi tek altarduk, lys og nattverdutstyr bort frå altarbordet. På langfredags-gudstenesta skal det ligge berre 7 raude roser på altarbordet - ei for kvar av Jesus sine siste ord på korset. På langfredagen les vi Jesu lidingshistorie i år slik evangelisten Johannes fortel den.

Første påskedag samlast vi til festgudsteneste med song og jubel over påska sitt store under: at Jesus vann over døden. Denne gudstenesta er årets høgdepunkt i Meland kyrkjelyd. Mykje folk og god song. Ingenting er finare å oppleve enn når kyrkjelyden syng påskesalmar til orgel og trompetar.

Når vi kjem saman til gudsteneste, blir vi dregne inn i det som hende i påska og blir ein del av det. Vi skal få setje oss sjølve inn i ein større samanheng. Vi skal få lese våre liv og erfaringar inn i dei bibelske forteljingane. Vi skal få kjenne oss i slekt med og identifisere oss med dei ulike personane vi møter i desse forteljingane og kjenne på at dette angår og rører ved meg og mitt liv. Vi blir rivne ut av vår eiga vesle verd.

For meg er det stort å tenke på at når vi lokalt samlast til gudsteneste og lovsing og tilbed Han som vann over døden for oss, så er vi med i ein endå større fellesskap der mange millionar menneske samlast til gudsteneste over heile jorda.

Velkomne til gudsteneste! Mange vil gle seg over å sjå akkurat deg i kyrkja denne påskehelga.